

Årsmeldingi for 2019/2020



Senterungdommen
i Rogaland

Organisasjonsnummer – 923 252 584

Innholdsfortegnelse

1. INNLEIING	3
1.1 Fylkesstyret.....	3
1.2 Valkomité for perioden 2019/2020	3
1.3 Lokallagi.....	3
1.4 Fylkesstyremøte for perioden 2019/2020	4
1.5 Brønnøysundsregisteret	5
1.6 M11 – Rogaland Senterungdoms medlemsavis.....	5
2. ARRANGEMENT	5
2.1 Årsmøtet 2019.....	5
2.2 Senterungdomens landsmøte 2019 – Fornebu.....	6
2.3 Nyårsbord på Bokn.....	6
2.4 Årsmøte – Rogaland Senterparti 2020.....	6
2.5 Vårslepp / sumarleir 2020	6
2.6 Kaffi på kontoret.....	7
3. OPPSUMMERING OG VEGEN VIDARE	7

1. Innleiing

Denne årsmeldingi tek føre seg Rogaland Senterungdoms arbeid og aktivitet for perioden i arbeidsåret 2019-2020, nærmare bestemt 24.september 2019 til 5.september 2020.

1.1 Fylkesstyret

Fylkesstyret for arbeidsåret 2019/2020 vore samansett av totalt ni faste og tre varamedlemar, der alle har hatt møterett på kvart fylkesstyremøte. Til styret har ogso alle lokallagsleiarane hatt både møte- og talerett som observatørar. Alle i styret har fått utdelt ulike ansvarsområde som til dømes oppfylging av lokallag, arbeid opp mot valkampen 2021 osb. Fylkesstyret vart vald på årsmøtet 24.september 2019 og består av følgjande:

- Leiar: Lisa Marie Ness Klungland
- Politisk nestleiar: Henrik Hageland
- Organisatorisk nestleiar: Sven Magnus Skimmeland
- Studieleiar: Jacob Nødland Berntsen
- 1. styremedlem: Janne Håland
- 2. styremedlem: Johannes Bakke
- 3. styremedlem: Bjørg Johanne Jondal
- 4. styremedlem: Kristian Østensvik
- 5. styremedlem: Anora Rusten
- 1. varamedlem: Lilly Charlotte Tvedt
- 2. varamedlem: Tollef Øksnevad
- 3. varamedlem: Jone Lerstøl

1.2 Valkomit  for perioden 2019/2020

Valkomiteen for perioden 2019/2020 er:

- Henrik Nordtun Gjertsen
- Sandra Christin Skarholm
- Mai-Linn Skipstad

1.3 Lokallagi

Rogaland Senterungdom har i perioden hatt  tte lokallag med ulik grad av aktivitet. Me har ogso f tt eitt nytt lokallag i laupet av arbeids ret: Ryfylke Senterungdom. Fylkesstyret har eit ansvar for   fylgja opp og bidra med organisatorisk hjelp til lokallagi, og difor har kvart

lokallag fått oppnemnd ein frå fylkeestyret som har hatt eit særleg ansvar for å hjelpa til og vera kontakten til lokallaget opp mot fylkesstyret. Det har ogso vorte oppretta ein Messenger-chat for medlemar av fylkesstyret og alle lokallagsleiarane for å auka samspelet mellom fylkeslaget og lokallagi. Som nemnd i punkt 1.1 har ogso alle lokallagsleiarane møte- og talerett på fylkesstyremøta. Rogaland Senterungdoms lokallag er fylgjande:

- Vindafjord Senterungdom (leiar: Helene Skulerud)
- Haugaland Senterungdom (leiar: Lilly Charlotte Tvedt)
- Bokn Senterungdom (leiar: Torfinn Mandius Alvestad)
- Ryfylke Senterungdom (leiar: Camilla Hebnes Tobekk)
- Stavanger Senterungdom (leiar: Halvard Bøe)
- Jæren Senterungdom (leiar: Janne Håland)
- Gjesdal Senterungdom (leiar: Eirik Gilje)
- Dalane Senterungdom (leiar Mai-Linn Skipstad)

Merknad: Dei ulike lokallagi kan etter deira årsmøte i perioden august-september 2020 ha fått ny leiar på deira respektive årsmøte. Denne oversyni er altso basert på deira arbeidsår 2019/2020 og er frå 1.august 2020.

1.4 Fylkesstyremøte for perioden 2019/2020

Grunna koronasituasjonen har fylkesstyret mindre aktivitet i dette arbeidsåret, men har likevel fått gjennomført styremøte digitalt via Skype. Møta som har vore i perioden er her lista opp i kronologisk rekkjefylgje:

- 30.september 2019 (Stavanger)
- 21.oktober 2019 (Stavanger)
- 21.november 2019 (Bokn)
- 9.januar 2020 (Stavanger)
- 17.februar 2020 (Haugesund)
- 15.april 2020 (digitalt via Skype)
- 28.mai 2020 (digitalt via Skype)

Alle attgjevingane etter fylkesstyremøti har vorte send ut i etterkant av møta til fylkesstyret og til fylkeskontoret.

1.5 Brønnøysundsregisteret

Fylkesstyret har ansvaret for å sikra at Brønnøysundsregisteret er orientert om den nye styresamansetningi etter årsmøtet. Ansvarleg i styret for å fylgja dette opp har vore Henrik Hageland for perioden.

1.6 M11 – Rogaland Senterungdoms medlemsavis

Fylkesstyret bestemte tidleg i vår at det skulle verta oppretta ei kvartalsvis medlemsavis som i hovudsak koma ut i pdf-format og verta sendt til alle våre medlemmar, stønadsmedlemmar og andre i organisasjonen som ynskjer. Det skal ogso verta trykt opp nokon fysiske eksemplar som skal liggja på kontoret til dei som måtte ynskja det. Hovudfokuset til medlemsavisa er å setja fokus på viktige politiske saker som våre medlemmar er opptekne av (eigne lesarinnleggspaltar) og ikkje minst halda medlemmane oppdaterte på kva som skjer rundt om i organisasjonen, både lokalt og nasjonalt.

2. Arrangement

Dette arbeidsåret har vore svært ulikt alle andre, og særleg har arrangementdelen vorte hardt råka av koronasituasjonen. Perioden starta godt med mange arrangement og god planlegging av nye som skulle verta haldne gjennom våren, likevel stogga dei i stor grad opp grunna smittevernsituasjonen, og planleggingi av arrangementi på vårparten (etter mars 2020) har måtte vore kalla inn og planlagd på stutt varsel for å forsikra oss at dei var innanføre dåverande smittevernreglar.

2.1 Årsmøtet 2019

Årsmøtet 2019 var i Stavanger på fylkeskontoret den 24.september. Her møtte 16 medlemmar og det var eit godt møte, med gode diskusjonar. Ein fekk vald eit nytt fylkesstyre, delegatar til landsmøtet på Fornebu, delegatar til Rogaland Senterpartis årsmøte m.m. (sjå årsmøteprotokoll for fullstendig liste).

Det vart ogso arrangert ulike temakveldar der ein gjekk gjennom forslaget til klimapolitisk program som Senterungdomen skulle handsama og vedtaka på landsmøtet kapittel for kapittel. Av desse førebuingmøti fekk ein laga ein god deil brigdeforslag og det var ein god læringsarena for meldemane som deltok.

2.2 Senterungdomens landsmøte 2019 – Fornebu

Senterungdomens landsmøte for 2019 fann sted på Fornebu mellom 8. til 10.november, og Rogaland Senterungdom deltok med totalt 15 delegatar. Hovudfokuset for landsmøtet var å handsama og vedtaka Senterungdomens nye klimapolitiske program og handsamingi av dette tok opp store delar av landsmøtet. Rogaland Senterungdom var godt førebudd på handsamingi etter fleire førebuingssmøte, diskusjonar og deltok aktivt i debattane kring dei ulike kapittli. Det kan ogso verta nemnd at Rogaland var den delegasjonen som hadde sendt inn flest forslag til brigde klimaprogrammet. Rogaland fekk ogso vald inn to faste medleamar til Senterungdomens sentralsstyre, Henrik Hageland (4.styremedlem) og Henrik Nordtun Gjertsen (5.styremedlem).

2.3 Nyårsbord på Bokn

Det vart arrangert nyårsbord på Bokn i helgi 17. til 19.januar 2020. Det var mange oppmøtte og det vart ei svært bra helg. Frå sentralt kom Torleik Svelle, leiar av Senterungdomen som var med fredag til laurdag. Han hadde politisk innleiing etterfylgt av tips og triks til skriving av lesarinnlegg. Slik som i fjor fall ogso organisasjonssamlingi til Senterpartiet saman med nyårsbordet noko som gjorde at Senterungdomen fekk møta opp mannsterke på samlingi (som ogso vart arrangert på Bokn). På sundagen vart det halde innleiingar på fiskeripolitikk og om økonomi og frifondsbruk i lokallagi.

2.4 Årsmøte – Rogaland Senterparti 2020

På Rogaland Senterpartis årsmøte i Haugesund, 14. til 15.februar 2020 deltok fleire av våre medleamar, anten som direktevalde delegatar for Rogaland Senterungdom, eller som delegatar for deira respektive lokallag.

2.5 Vårslepp / sumarleir 2020

Senterungdomens vårslepp for 2020 vart arrangert 6. til 8.mars ved Sundvolden Hotell i Buskerud. Rogalandsgjengen var markerte seg godt i utkleidningskonkurransen med temaet «Heim(plassen min)». Elles var det ein god arena for å verta kjend med nye folk og for å få politisk og organisatorisk påfyll.

Årets sumarleir var diverre avlyst grunna hensyn til smittevernet og dette førte til at hovudorg. oppmoda til å avhalda regionale eller lokale sumaravslutningar/leirar. Nokre av våre lokallag valde å avhalda slike arrangement.

2.6 Kaffi på kontoret

Ogso den vekentlege «kaffi på kontoret» (på Madlaveien 11, Stavanger) vart råka av koronapandemien, men føre mars 2020 fekk ein gjennomført ein god del møte (nesten vekentleg), som varierte i innhald frå heilt vanlege politisk og kvardagsleg drøs, til politiske innleiingar om til dømes jordvern. Ved alle desse arrangementi har ein hatt fokus på å halda ein låg terskel noko som ein i stor grad ynskjer å vidareføra. Oppmøtet har vore variert, men ein kan seia at det har danna seg ein gjeng med «fast møtande» personar.

Kaffi på kontoret var ogso vidareført sjølv etter nedstegningi av landet tidleg i mars, og ein fann ut at det kunne vera ein idé å gjera møta digitale. Dette vart ein nokso stor suksess og ein opna ogso opp for at Senterungdomar frå heile landet kunne få deltaka på møta. Drøsen vart den same, sjølv om innhaldet vart brigda. Dei digitale møta vart arrangert i perioden mars 2020 til slutten av mai 2020 (fyrste fysiske kaffimøte vart igjen arrangert 19.mai på kontoret i Stavanger).

3. Oppsummering og vegen vidare

Dette arbeidsåret har nok for å seia det mildt, vore det mest spesielle og difor ogso krevande me har opplevd. Mange planar om aktivitet på vårparten måtte verta skrinlagde eller i miste fall verta kraftig brigda og tilrettelagt dåverande smittevernreglar. Likevel har me greidd å få fleire gode aktivitetar gjennom digitale kanalar og lagd opp til at medlemene har hatt ein møteplass ogso i desse koronatidene. Vegen vidare er ikkje lett å spå, men igjen treng ein fokus på godt oppmøte og ikkje minst godt engasjement frå fylkesstyret og lokallagi for å kunna byggja laget vidare.